År 1961 den 9. januar vart det halde møte i Lavik Kommunestyre.
Møtet vart halde i Kommunehuset.
Møtet var innkalla i samsvar med § 11 i Kommunestyrelova.

Generalvitnemål 12/1. – 1961.

Desse var fråverande: Olav Nygren, Gunnvor Rå og Kåre Strandos.

Magne Brekken møtte som varamann for Olav Nygren.

Ordføraren gav att innkallinga av 3. januar 1961.
Ingen hadde merknad å gjera, og ordføraren sa frå at møtet var lovleg sett.

Det var førehatt:

1/60 Referat.

a. Fylkesmannen si godkjenning og merknader til vedtaka i Kommunestyremøtet den 5. desember 1960.

b. Skriv av 22. desember 1960 frå fylkesmannen om godtgjersle til jordstyremedlemer og planleggarar.

c. Skriv av 22. desember 1960 med melding om at fylket frå 1/1 – 1961 yter kr. 50.– i skotpremi for rev.

d. Skriv av 17. desember frå Noregs Småbruk- og Bustadbank med melding om at Anders Strandheim er oppnemnd som formann i Lavik Småbruk- og bustadnemnd for tida

1. januar 1961 til 31. desember 1964.

e. Serutskrift av møteboka til Samfundsnemnda i Sogn og Fjordane for det som vedkjem sakene 67/60 og 74/60.

f. Fylkesskattestyret si gjennomgåing og godkjenning av likninga ~~1961~~ 1960/61.

Det opplesne vart vedlagt møteboka.

✓ 2/61 Serutskr. 13/1 F.mannen og søkjaren

Utsett sak. Søknad frå [redacted] om Kommunetrygd.
[redacted] søkjer om kommunetrygd for eit lån, å kr. 7.000.– til kjøp av det huset han no har leigt ei tid.
Den valde nemnda som skulle sjå på tilhøva har i ei fråsegn råda til at Kommunen trygdar for eit lån då søkjaren ikkje sjølv maktar å skaffe kapital til kjøpesummen.
Sam. vedtak:
Lavik Kommune trygdar for eit lån på kr. 7.000.– til [redacted] til kjøp av det huset i [redacted] han no bur i.
Lånet skal attendebetalast innan 15 år med ein ~~tiande~~ femtande part årleg.
Trygd vert gjeve mot 1ste prioritet pant i huset.

✓ 3/60 Serutskr. 13/1 F.mannen og søkjaren

Utsett sak. Søknad frå [redacted] om Kommunetrygd.
[redacted] som no bur [redacted] i Lavik søkjer om Kommunetrygd for eit lån på kr. 10.000,– til kjøp av

ny traktor og han søkjer samstundes om eit tilskot på
kr. 2.300.- til same føremål.
Jordstyret har råda til at søknaden vert stetta.
Vidtak mot 1 røyst.
Gravik Kommune tryggar for eit lån på inntil kr. 12.000,- til
[redacted] til kjøp av ny traktor for [redacted].
Avdragstida vert sett til 10 år med ein tiandepart årleg.
Trygd vert gjeve mot 1ste priorit. pant i traktoren.

4/61. Tilsetjing av Kommunekasserar.
Serutskr. 3/1 Då søknadsfresten gjekk ut var det innkome søknad frå
J. mannen Nils Instefjord som no er assistent ved dei Kommunale
Kontor.
Samr. vedtak:
Nils Instefjord vert tilsett som Kommunekasserar frå 15. febr.
1961. med løn etter kl. 9 i Kommunens lønsregulativ.
Oppseiingstid 3 mnd. for båe partar.
Kasseraren må retta seg etter den til kvar tid gjeldande
instruks.

Nils Instefjord var ugild i denne saka, og gjekk i frå.

5/61. Løyving til ekstraordinær sysselsetting.
Serutskr. 12/1 Frå fylkesarbeidskontoret har fenge melding om at det til
J. arbeidskont. veganlegget Bikkun-Torvund er løyvt kr. 18.000.- av midlar
J. mannen til ekstraordinær sysselsetting. Dette under føresetnad av
20/1-61 at distriktet sin del kr. 12.000,- vert stilla til

rådvelde av Kommunen.
Samr. vedtak:
Av avsette midlar til bygdeveganlegg vert löyvt kr. 12.000,-
til anlegget Bekken - Torsund.
Desse midlar kjem i tillegg til dei summar det er rekna
med å bruke etter den ordinare sysselsettingsplan for 1961.

6/61. Namnebrigde for Eikefjord skulekrins.
Serutskr. 16/1, Eikefjord skulekrins har i möte den 9. okt. 1960 gjort vedtak
Sk.directören om at det noverande namnet Eikefjord skule skal brigdast
til Ikjefjord. ~~skule~~
Skulestyret har i möte den 15/12 - 1960 sagt seg samnd
i framlegget frå krinsen.
Sam. vedtak.
Kommunestyret vedtek at namnet på krinsen og skulen vert
brigda til Ikjefjord.

7/61 Söknad om engelskopplæring og tilskot til skuleskyss for
Serutskr. 16/1, elevar ved Norevik skule.
Sk.directören Tilsynsnemnda for Norevik skule har i brev av 28/8 - 1960 til
skulestyret sökt om at borna i 6. og 7. årskull får
engelskopplæring ved Vadheim skule, og at det vert ordna med
tilskot til skyssutgifter.
Skulestyret har i möte den 15. des. 1960 handsama saka, og
serutskrift av møteboka sak 46/60 vart attgjeven.
Sam. vedtak:
I samsvar med tilråding frå skulestyret vert lesetida for

6. og 7. årskull ved Norevik skule for skuleåret 1960/61 auka med 160 timar.
Under føresetnad av godkjenning og refusjon for skyss vil kommunen ta sin del av utgiftene.

√ 8/1 61. berutskr. 13/1 Småbruk- og Bustadbanken

Søknad om kommunetrygd for lån i Noregs Småbruk- og Bustadbank.
[redacted] søkjer om lån i Noregs Småbruk- og Bustadbank stort kr. 35.000,- derav kr. 5.000,- som stønadslån og kr. 8.000,- som tilskotslån.
Lånet skal nyttast til bygging av bustadhus og driftsbygning.
Sams. vedtak:
Lavik kommune trygdar på vanlege vilkår for eit pantelån på kr. 22.000,- i Noregs Småbruk- og Bustadbank med prioritet etter lån på kr. 12.000,- i Lavik Nye Sparebank.
Vidare rår ein til at det vert gjeve eit stønadslån på kr. 5.000,- og vedtek å betale inn til banken ein tridjepart av denne summen.
Ein rår også til at det vert gjeve tilskotslån.

9/1 61 berutskr. 13/1 Fridir. Kt.

Søknad om konsesjon til køyring av fiskebilrute.
Leif Hatlem søkjer om konsesjon til køyring av fiskebilrute innan Lavik.
Sams. vedtak:
Då det for tida vert køyrt 2 fiskebilruter til Lavik, kan ein ikkje rå til at søknaden vert stetta.

10/61. Stengingsvedtekter for ütsolsstader.

Sam. vedtak:

Grutskr. 13/1 J.mannen.

§ 1.

A. Utsalsstader skal på kvardagar, med nedanemnde unnatak, vera stengde frå kl. 18 til kl. 9.
Laurdagar skal det vera stengt kl. 17.
Påske, pinse, jol og nyårsafta skal det stengast kl. 15.

B. På sün- og helgedagar skal ütsalsstadene vera heilt stengde.

§ 2.

A. Utsalsstader (kioskar) som berre handlar med sükkertøy, iskrem, mineralvatn, tobakk og tobakksvarer, fyrstikker, sjokolade, frükt, blad og prospektkort skal vera heilt stengde alle kvardagar.

B. I tida ~~15. mai~~ 1. mai - 31. aüg. kan slike ütsalsstader haldast oppe for sal om sün- og helgedagar frå kl. 13 til kl. 17.30, med ünnatak av første pinsedag.

§ 3

I stengetida må kündar ikkje sleppast inn. Men dei som er komne inn før stengetid kan verta ekspidert etter stengetid.

§ 4.

Proviantering til fiske- og fangstfartøy kan gå for seg ütan hinder av denne stengingsvedtekt.

§ 5.

Brot på vedtekta vert straffa etter lova [illegible] jfr. straffelova § 339, 2.

11/61. Val av skatteutval.

Sr.utskr. 16/1, dei valde
Nils Bjørkhaug og Erling Varholm går ut som medlemar. Dei vart båe samrøystes attvalde.

Som varamenn vart valde:

Jens Brekken,
Kåre Aven.
Henrik Møllersdal

Nils Bjørkhaug vart vald som formann for 1961/62, og Erling Varholm som varaformann for same tid.

12/61. Val av fiskarmanntalsnemnd.

Sr.utskr. 16/1, dei valde.
Valde vart sams.

John Aven varam. Knut Torvund.
Arne Hillebø " Olav Lavik
Nils A. Warholm " Lasse Hillebø.

Som manntalsførar vart vald:

Nils Instefjord med varam. John Mjelleli.

13/61 Barnevernnemnda - fylkessamband.

Sr.utskr. 16/1, barnevernnemnda.
Sam. vedtak:
Kommunestyret har ikkje noko i mot at barnevernnemnda går inn i eit fylkessamband.

14/61. Kontorassistent.

Det vart samrøystes vedteke å lysa ut stillinga som assistent ved dei kommunale kontor frå 15. febr. 1961 med same lønsvilkår som no – kl. 3 i Kommunenes lønnsregulativ.

Møtet slutt.

Møtebok opplesen

Einar Lavik. Martin Hjelmeland. John Norvik.